

Råd	Møtedato	Tidspunkt
Årsmøte		12.30-14.00
Årsmøte for Herdla kyrkjelyd 2018	Søndag 3.mars 2019	<u>Møtestad:</u> Herdla kyrkje.
Frammøtte: 14 personar		

Til stades

Medlemer:

Kjell Berland, Ivar Eidsaa, Astrid Marie Haugland, Reidun Håpoldøy, og Kjellaug Fauskanger Eidsaa

Varamedlem: Gunnvor Eggebø Næss

Administrasjonen:

Håkon Andersen

Andre frammøtte: Ingrid Berland, Karen Skråmestø, Astrid Halvorsen, Rune Øystese, Erlend Bakke, Oddlaug Berland, Inge Berland,

- **Årsmeldinga** vart gjennomgått av leiar. Ein del merknader vart tatt opp og retta. Det vart lagt til eit par punkt som var gløymt., mellom anna pilgrimsvandring, skaparverkets dag, og 2 skolebesøk av Rune Øystese i Herdla kyrkje.
- **Rekneskapet** vart gjennomgått av kasserar. Det blei ein del spørsmål og oppklaring rundt ulike punkt.
- **Eventuelt.**
 1. Første saka var feste på graver, og prisen på dei i Askøy kommune. Håkon Andersen orienterte om reglane for dette, og korleis prisane har blitt slik dei er.
 2. Mange i Herdla kyrkjelyd får ikkje Amen i postkassen, og hadde ikkje fått med seg at det var årsmøte denne dagen. Håkon tar dette med til kyrkjekontoret, og sa at dersom ikkje bladet kjem fram, må det seiast ifrå. Vi må heller få fleire blad i kyrkja, slik at folk kan ta det med derifrå.
 3. Årsmøte ønsker at det frametter blir 2 reknekap; eit for Herdla kyrkje og eit for Herdla Kyrkjelydshus. Det kan då bli lettare å få ein betre oversikt over økonomien. Dette med 13 mot 1 stemme.
 4. Vidare vart det sett fram eit forslag om at organisten får ein viss sum til musikk og sang i gudstenestene, og så er det opp til soknerådet å fastsette den summen vi kan bruke til musikk/sang.
 5. Håkon orienterte til slutt om heis for rullestolbrukarar framme i koret, og om at kyrkja får nye ovnar under benkane. Til våren skal resten av fasaden utanpå kyrkja pussast opp.

Kjellaug Fauskanger Eidsaa
referent (sign)